



Statens vegvesen

Alver kommune
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/54167-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.03.2021

Uttale til søknad om dispensasjon frå plankrav – gnr. 196 bnr. 86 Midtgård – Alver kommune

Vi viser til oversending frå Alver kommune, mottatt ved Statens vegvesen den 22.03.2021. Brevet er ikkje dagsett og manglar delvis innhald. Vi legg til grunn at dette gjeld søknaden om dispensasjon frå plankrav knytt til arealoverføring av om lag 1580m² frå gbnr 196/86 til gbnr 196/111 som vi tidlegare er informert om at var sendt til høyring i februar utan at Statens vegvesen hadde fått høve til å uttale seg.

Planstatus

Alver kommune skriv i sitt brev; *Arealet er uregulert sett av til Næringsbebyggelse i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås). Det er krav om at området skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til deling. Det er søkt om dispensasjon. Utkøyrsløse frå gbnr 196/111 til fylkesveg 5452 Leknesvegen ligg innanfor reguleringsplan for Hillesvåg bustadområde, planid 1263-201409.*

Til denne planen gjev Statens vegvesen uttale med bakgrunn i si rolle som vegmynde på riksveg og som sektormynde med ansvar for trafikktryggleik.

Uttale

I reguleringsplan for Hillesvåg bustadområde som ligg langs Fv.5452 er det vist avkøyrsløpilar, men det er ikkje detaljert nokon tilkomst til den aktuelle eigedomen. Det er ikkje tilrettelagt for tilbod til mjuke trafikantar på den aktuelle strekninga.

Det er Vestland fylkeskommune som er vegmynde på fylkesveg og som må ta stilling til ei eventuell avkøyrsløseknad her. Fylkeskommunen har i brev av 17.03.2021 uttalt seg negativt til frådelingssøknaden og grunngjeve dette med at det er behov for å sjå arealbruken i

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

området i ein heilskapleg samanheng. Det er også peikt på at søknaden om dispensasjon frå plankravet ikkje er grunngjeve noko som er et krav jfr. Pbl § 19-1.

Etter det Statens vegvesen kan sjå er avstanden frå arealet som skal nyttast til parkeringsplass til vegmidte Ev.39 om lag 29 meter. Søknad om frådeling vil i så måte også utløyse krav om dispensasjon frå veglova § 29 med omsyn til byggjegrænse. Statens vegvesen kan ikkje sjå at vi har mottatt søknad om dette.

Det pågår eit prosjekt *Områdeutgreiing Leknes skulekrins* i samarbeid med Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og Alver kommune. Her skal ein sjå på løysingar for framføring av fortau på strekninga langs Fv. 5452. I samband med dette er det drøfta ei løysing knytt til å flytte avkjørsle, slik at Eknes karosseri får tilkomst om sløyfa til E39 i staden for Leknesvegen.

Statens vegvesen har isolert sett ikkje vesentlege merknader til frådeling av parkeringsareal innanfor område avsett til næring i KPA. Vi meiner likevel at frådelinga av arealet bør avventast til ein har komen fram til omforente trafikale løysingar for dette området. Fortrinnsvis bør ei slik løysing avklarast gjennom reguleringsplan.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN